


Dei to første som kom til tru	4
Mor og barn blei kasta ut	10
Fekk håp for sitt herja land	18

Faren laget en grav for å demonstrere at for ham var den kristne sønnen død. Da Yasser Eric stod ved sin egen grav, hørte han en stemme: «Din grav er tom. Det er også min».



Bomber kirker

Kjære venner i Stefanusalliansen

■ **Jeg kommer fra Chin-staten** nordvest i Myanmar. De aller fleste av chin-folket er kristne. Det sies at når kinesere reiser utenlands, starter de ofte en restaurant. Når en chin reiser, etablerer han en kirke. Kirken er ikke bare et religiøst sted, men et anker for identitet, fellesskap og håp.

Dette vet militærjuntaen. Siden kuppforsøket i februar 2021 har den bevisst angrepet alt som bærer minoritetenes kultur og tro. I Chin-staten alene er mer enn 130 kirker ødelagt. I byen Thantlang ble over 20 kirker brent ned eller bombet, og hele byens befolkning, rundt 10.000 mennesker, måtte flykte. Ingenting står igjen.

” Når overgrep skjer i skjul, vokser uretten.

Halvparten på flukt

Chin-staten er liten og fattig, men også strategisk isolert og vanskelig å nå. Halvparten av befolkningen på rundt 280 000 mennesker er på flukt, enten i Myanmar eller over grensen til India. I den indiske delstaten Mizoram bor titusener av chin-folk. De overlever med støtte fra kirker og lokalsamfunn. Inne i Chin-staten bor fordrevne familier i skur av bambus og presenning, ofte uten rent vann, medisiner eller mulighet til å dyrke mat.

Internasjonal hjelp når ikke Chin-staten. Lokale nettverk holder folk i live med nødhjelp, medisinsk støtte, utdanning, og gjenoppbygging, ofte gjennom farlige ruter. Blant de lokale er Chin Human Rights Organization (CHRO), tidligere samarbeidspartner for



Bor hjelper chin-folk på flukt. Foto: Privat

Stefanusalliansen. Etter kuppet i 2021 måtte CHRO utvide arbeidet fra å dokumentere overgrep til også å gi humanitær hjelp. Menneskerettigheter kan ikke lenger skilles fra selve overlevelsen.

Angriper skoler og kirker

Samtidig intensiverer juntaen luftangrepene i et desperat forsøk på å utvide kontrollen over territorier. Fredelige mennesker bombes. Skoler, klinikker og kirker, bygg som gir både trygghet og tro, blir utsatt for målrettede angrep.

I desember 2025 har juntaen varslet valg. Men et valg som kun kan gjennomføres i militærkontrollerte lommer, uten frie medier og med tusenvis av politiske fanger, kan ikke ha legitimitet. I Chin-staten kontrollerer juntaen bare to byer, mens generalene bomber resten av befolkningen for å hindre fremveksten av demokratisk selvstyre.

Troen og fellesskapet bærer oss, men håp trenger også handling – for stillhet gjør oss mer utsatt. Når overgrep skjer i skjul, vokser uretten. Derfor håper jeg at dere i Norge ikke bare vil lese dette, men bære det videre. Ikke la Chin-staten og resten av Myanmar forsvinne i stillheten. Vi trenger venner som vil stå med oss – i bønn, i ord og i handling. ■

Hilsen

Bor, en chin bosatt i India

Utgiver:

Stefanusalliansen

Adresse:Trondheimsveien 137,
pb 6603 Rodeløkka,
0502 Oslo

post@stefanus.no

Telefon:

23 40 88 00

Ansv. redaktør:Johannes Morken
jm@stefanus.no**Redaksjon:**Hilde Skaar Vollebæk
Marianne Haugerud
Kristine Tveit Jordet**Forside:**Yasser Eric,
foto: Johannes Morken**Design:**

Von: Bendik Schøien

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri

Opplag:

17 100

Gavekonto:

3000 14 57922

VIPPS:

19013



sammen for de forfulgte

Stefanusalliansen er en misjons- og menneskerettsorganisasjon med et særskilt fokus på trosfrihet.

Synspunkter i artikler står for forfatters og intervjuobjektors regning. Stefanusalliansens meninger kommer til uttrykk i artikler skrevet av staben.

Vi følger personopplysningsloven.

Magasinet kommer gratis sju ganger i året.
Bestill med SMS:
MAGASIN til 2377 eller
post@stefanus.no

Tilgjengelig som podkast. Kontakt KABB:
kabb@kabb.no

www.stefanus.no
f/stefanusalliansen
@stefanusalliansen

Lysande vitne

Eg har gjesta Vietnam og kjent på historia om Vietnamkrigen som slutta i 1975. Både kristne og buddhistar blei hardt undertrykte dei første år etterpå.

■ **Men han som** vi kallar pastor Steve, hadde eit levande kall: Han ville føra evangeliet ut til dei mange minoritetsfolka i Vietnam, både i nord og på Det sentrale høglendet i sør. Difor takka han nei til tilbodet om å ta med familien og reisa frå landet like før slutten på krigen for 50 år sidan. Kallet kosta dyrt: Fram til 1992 sat han til saman sju år i fengsel.

1400 kyrkjer

I dag består kyrkjesamfunnet han har etablert, av nær 78 000 medlemmer i meir enn 1400 lokale kyrkjer i Vietnam, Laos, Kambodsja og Thailand.

Pastor Steve har vore ein av fleire aktørar som har gjeve evangelikal kristendom svært sterk vekst i åra etter Vietnamkrigen. I dag er det minst 2,1 millionar evangelikale kristne i eit land med kring 100 millionar menneske. Den katolske kyrkja er det største kristne trussamfunnet.

Påfallande vekst

Veksten i evangelikal kristendom har skjedd i ein kommunistisk eittparti-stat med ei sterk politimakt. Mange som har kome til tru blant minoritetsfolk, blei i første omgang kasta ut

av familiane. Folk som har brote med skikkane og fedredyrkinga, har hamna i arrest og fengsel. Men resultatet er mange levande kyrkjer.

I denne utgåva av magasinet får du lesa om menneske som fortel at evangeliet har ei frigjerande kraft, eit nytt liv utan offer til sjamanen.

Stod på si eiga grav

Du kan også møta ein anglikansk biskop for konvertittar, med ei sterk personleg historie frå Sudan: Han har stått på si eiga symbolske grav.

Desse er, som Jostein Ørum skriv, «lysande vitner om at Gud ble menneske – ikke for å frelse oss ut av verden, men for å gå sammen med oss i den.»

Juleevangeliet fortel både om eit lite barn som vart helsa som frelsar og som måtte bergast frå ein rasande konge. Juleevangeliet om flukta er ei påminning om at det alltid har vore ei lidande kyrkje som vitnar for oss. ■



Juleevangeliet om flukta er ei påminning om at det alltid har vore ei lidande kyrkje som vitnar for oss.



■ **Johannes Morken**
Redaktør

Frå arrest til lovsang



*På ein konferanse for pastorar
var det lovsong og dans rundt eit
kveldsbål på stranda ved Sør-Kina-
havet. Foto: Johannes Morken*

Lo og kona H'Tuir var dei to første som kom til tru på Gud heime i landsbyen. Dei vart kasta ut heime og måtte byggja stråhytte i skogen. I dag er Lo pastor i landsbyen.

TEKST: JOHANNES MORKEN, VIETNAM

■ **Lo (53) er av jraj-folket**, ei av dei 30 etniske gruppene i Det sentrale høglandet sør i Vietnam. Desse folkegruppene har eigne språk som skil seg klart frå vietnamesisk.

På det buktande fjellplatået ligg mange av landsbyane 4-600 meter over havet. På veg ut av høglandet køyrer vi over eit fjell på 1250 meter. Åkrane med grøne kaffiplanter venta på innhausting i oktober.

Vi passerte åkrar med rotfrukta cassava, som er litt søtare enn potet, og er ei viktig matkjelde. Lo dyrkar mais og cassava. Vi er urolege for kva skadar to stormar som slo til etter at vi reiste heim, har gjort.

Dyrkar fedrane

Mange av folkegruppene er animistar. Eller dei dyrkar forfedrane – i den faste trua at dei døde påverkar liva til dei levande. Også familien til Lo dyrka fedretrua. Dei ofra husdyr til sjamanen når nokon blei sjuk. Sjamanen bestemte om dei skulle ofra ein gris, ei ku eller ein bøffel.

I 1992 fortalde Lo foreldra at han hadde fått ei ny tru. Han hadde brote med dei rotfesta religiøse skikkane. Lo var den første i familien og landsbyen som kom til tru på Gud.

– Heime ville dei ikkje lata meg følgja Gud, dei ville heller ikkje lenger hjelpa meg med noko, fortel Lo.



Lo og H'Tuir brukar motorsykkel når dei dreg for å hjelpa lepra-sjuka. På ein av turane braut sykkelen saman. I regnet måtte dei bytta på å dytta køyretøyet heim. Foto: Privat

” Vi blei forfølgde fram til 2003.
Då tok det slutt.

Pastor Lo

Men Lo heldt fast på trua. Ein dag han var ute på åkrane for å fortelja om trua si, møtte han ei ung kvinne, H'Tuir. Ho kom også til tru på Gud, som den andre i landsbyen og den første i sin familie. Tidleg i 1993 gifta dei seg.

Kasta ut i skogen

Då var det kroken på døra heime. Dei unge måtte byggja eit lite hus av strå og greiner i skogen som eit krypinn. Lo plukka cassava der han kunne for at dei skulle ha noko å eta. Han tok småjobbar i andre landsbyar med ris som betaling.

Men også politiet mislikte at Lo braut med dei religiøse skikkane som alltid hadde samla landsbyen. Trua hans vart sett som eit forsøk på å bryta opp limet i samfunnet. Han vart innkalla til avhør og til straffarbeid på politistasjonen. Politiet bad han skriva under på at han tok avstand frå trua. →



Kaffiplanter venta på innhausting. Vietnam er den nest største kaffiprodusenten i verda. Foto: Johannes Morken



Søndagen i kyrkja startar alt klokka seks om morgonen for dei mellom fem og 12 år, her er 150 syngjande barn samla. Foto: Privat

” Eg deler livet mitt, frå hjarta. Eg viser dei det nye livet mitt.



– Men eg ville ikkje forneakta Gud, fortel Lo.

Etter å ha vore låst inne på eit toalett i tre døgn og blitt slått i andletet og ryggen, vart Lo sleppt fri klokka sju ein morgon. Den unge mannen gjekk til fots i nesten tre mil gjennom skogen, heim til landsbyen, utan mat og drikke.

Han måtte ta nye rundar med pliktarbeid, men trua tok ikkje slutt. Både broren og svogeren kom til tru. Mange i landsbyen ville framleis ikkje snakka med han. Nye truande måtte møta hos politiet og vart bedne om å forneakta trua.

– Vi blei forfølgde fram til 2003. Då tok det slutt.

Kyrkje med 360 medlemmer

Stråhytta i skogen blei bytt ut med eit hus, som dei renoverte og også gjorde til kapell. I dag er han pastor i ei kyrkje i landsbyen der Lo og kona først vart støytte ut i skogen. Kyrkja har 360 medlemmer, 70 høyrer til storfamilien til Lo.

– Kva reaksjonar møtte du hos sjamanen?

– Då vi starta, hadde landsbyen tre sjamanar. Då dei såg at så mange byrja tru på Gud, byrja også dei å tru på Gud. To av dei er døde. Den tredje går i kyrkja. I dag har

landsbyen ein spåmann. Men familien hans trur også på Gud, det er få som går til spåmannen.

Lo har i alt starta sju kyrkjer i landsbyar. I 2008 reiste Lo for å gå på bibelskule i millionbyen Ho Chi Minh, byen som under namnet Saigon var hovudstad i Sør-Vietnam til landet vart samla etter Vietnamkrigen.

Politiet godtek kyrkja

Pastor Steve, som er støtta av Stefanusalliansen, driv bibelskulen. Lo vart i 2017 ordinert til pastor etter å ha fullført teologiutdanninga.

– Korleis er forholdet til politiet i dag?

– Det er normalisert, i dag godtek dei kyrkja mi. Nokre av leiarane i landsbyen går i kyrkja.

Med støtte frå pastor Steves kyrkje har Lo og kona i tre år reist to-tre gonger i månaden til ein landsby der det bur menneske som lid av lepra – sjuke vi kjenner som spedalske. Dei har med klede og medisinar. Saman med kristne vener i landsbyen byggjer dei hus for sjuke. Dei samlar menneske i bøn.

– Kva skjedde med foreldra dine som vende ryggen til deg og kona?

– Dei kom til tru på Gud i år 2000. Far døydde i 2004, mor mi lever og trur på Gud.

Av dei seks borna til Lo og H'Tuir, fødte mellom 1993 og 2008, er fire gifte og er bønder, dei er aktive i kyrkja.

– Kva var vitnesbyrde som du deler?

– Eg deler livet mitt, frå hjarta. Eg viser dei det nye livet mitt, seier Lo. ■

Pastor Steve som leier kyrkesamfunnet pastor Lo er ein del av, forklarar kvifor menneske kjem til tru når folk viser fram sine endra liv.



Pastor Steve har etablert ei kyrkje med 1400 fellesskap i fire land. Foto: Johannes Morken

‘Evangeliet er frigjerande’

■ – Folk har i alle år ofra slik som sjamanen i landsbyen har sagt. Til slutt kan familiar mista heile buskapen i slike offer. Men dette har vore bedrag, seier pastor Steve.

Han legg til:

– Når menneske kjem til tru på Gud, merkar dei Guds kraft. Ikkje berre sluttar dei å drikka og gambla, men dei blir fri frå plikta til å ofra dyr etter kva sjamanen bestemmer.

Sjamanen ville bli kristen

Pastor Steve fortel at han for tre år sidan møtte ein sjaman og kona hans i ein landsby ein stad i Det sentrale høglandet. Dei ville snakka med pastor Steve om tru.

– Eg spurte sjamanen kvifor dei ville bli kristne. Han svarte at han fekk vondt i hjarta når han bad fattige menneske ofra eit dyr fordi nokon i familien var sjuke. Han såg at folk var redde. Sjamanen innsåg at det var løgner han hadde fortalt dei, løgner om at å ofra eit dyr ville gjera menneske friske. Han sa at han ikkje kunne halda fram med dette.

«De vil bli svoltne»

Pastor Steve fortel at sjamanen spurte om han likevel kunne bli kristen.

” Sjamanen og kona hadde levd av kjøtet frå dyreoffer. Eg forklarte at det ville det bli slutt på.

Pastor Steve

– Eg svarte at han sjølvsagt kunne bli kristen, seier pastor Steve og legg til:

– Men eg sa også at dersom han blei kristen, måtte han heilt slutta å ta imot offer. Eg sa at han og kona ville bli svoltne. Sjamanen og kona hadde levd av kjøtet frå dyreoffer. Det ville det bli slutt på. Ikkje hadde dei jord dei kunne dyrka mat på, heller. Dette forklarte eg dei. Eg spurde om dei hadde tenkt over korleis dei skulle klara seg.

– Sjamanen svarte: «Vi veit dette, men likevel vil vi følgja Jesus og stola på Gud.» Tre år etter er dei framleis sterke i trua. Borna deira som er bønder, tok omsorg for foreldra. Slik klarar den tidlegare sjamanen og kona hans seg. Evangeliet er frigjerande, seier pastor Steve. ■



NÅR TRUA SKAL UT AV LANDSBYEN

Familien livnærer seg, som svært mange, av å dyrka kaffi. Dei dyrkar også ris. Jordbruket gjev dei akkurat nok til å leva. Båe foto: Johannes Morken

Han måtte kjempa med politiet då han kom til tru på Jesus. No er Kuen uroleg for om barna glir vekk frå kyrkja etter at dei har flytta heimanfrå.

TEKST: JOHANNES MORKEN, VIETNAM


■ **Familien til Kuen** har budd på fjellplatået Det sentrale høglandet sør i Vietnam gjennom generasjonar. Vi møter 59-åringen i ein landsby i Dak Nong-provinsen. Han høyrer til ede-folket, eitt av dei kring 30

*Kuen underviser frå
Bibelen i kyrkja i
landsbyen.*



Løna mi er at
barna mine tener
Gud. Då vil eg
møta alle igjen i
himmelen.

Pastor Steve



minoritetsfolka, kvart folk med sin eigen kultur og sitt eige språk.

Historia hans fortel mykje om livet for kristne under skiftande kår.

Foreldra trudde

Kuen vart fødd ni år før Vietnam-krigen tok slutt i april 1975 og landet vart samla under kommunistisk styre. Han er den einaste vi møtte på ei rundreise som kunne fortelja at foreldra trudde på Gud før 1975. Faren og mora hans hadde teke i mot trua på Jesus gjennom utanlandsk misjon, som hadde etablert ei evangelikal kyrkje i Sør-Vietnam. I dag er kyrkja registrert og offisielt godteken.

Men for 50 år sidan, i 1975, blei livet vanskeleg. Det nye kommunistiske regimet stramma til. USA hadde stått på Sør-Vietnams side i krigen, og «regjeringa var mistenksam til ein amerikansk religion og ville ikkje tillate at folk trudde på Gud», forklarar Kuen.

– Foreldra mine blei redde, seier han.

I 1990 skjedde det ei fornying i landsbyen. Foreldra kom tilbake til trua på Gud. Kuen kom sjølv til tru dette året, han var blitt 24. Han vart kalla inn til avhøyr av det lokale politiet, og ei tann knakk av eit slag i andletet.

– Men eg ville halda fram med å tru på Gud. Og eg delte trua med andre. Forfølginga tok slutt, seier Kuen.

Uroleg for borna

I 2015 blei Kuen med i den uregistrerte kyrkja som er leia av pastor Steve, partner for Stefanusalliansen. Der er det, seier han, rom for å be om at sjuke skal bli friske. Og det er rom for å be, i Guds namn, om at vonde ånder skal gå ut av eit menneske.

Tre av dei fem barna til Kuen har gifta seg og flytta frå landsbyen, jordbruket og fellesskapen. Medan Kuen som ung kjende presset frå politiet, er han sjølv uroleg for eit heilt anna press mot neste generasjon.

– Barna trur på Gud. Men dei er ikkje sterke i trua. Somme gonger går dei i kyrkja, andre gonger ikkje. Dei er travle med å skaffa seg eit levebrød, kyrkja blir mindre viktig, forklarar han.

Ser unge gli vekk

Pastor Steve som har bygt opp kyrkjesamfunnet, sat sjølv til saman sju år i fengsel før 1992, fordi han etter 1975 evangeliserte blant minoritetane. I dag har kyrkja 1400 fellesskap i Vietnam, Laos, Kambodsja og Thailand. Kallet kosta, men bar frukt.

No ser også pastor Steve eit heilt anna press mot neste generasjon: Fleire unge må flytta frå landsbyane der folk er bønder og lever i tette fellesskap. Ein del unge reiser til byar for å skaffa seg arbeid, blant anna i nær 500 industriparkar.

– Somme unge som flyttar, går ut av kyrkja. Andre sluttar å vera aktive, men utan å melda seg ut. Vi prøver å hjelpa unge til å halda fast på trua på Jesus Kristus etter at dei har flytta. Det kan vera vanskeleg. Dei manglar kristne fellesskap. Vi treng cellegrupper i alle industriparkane, men så langt har vi berre to. Ikkje alle unge svarar heller når vi inviterer dei til nye fellesskap, forklarar han.

Pastor Steve takka i 1975 nei til å reisa frå Vietnam på grunn av kallet til å evangelisera. Ein av dei tre sønene døydde som ung av kreft. Dei to andre sønene bur i USA, der den eine er pastor. Dottera arbeider på bibelskulen i Ho Chi Minh-byen.

– *Du sat sjølv sju år i fengsel fordi du følgde Guds kall. Kva har Gud gitt deg?*

– Han har ikkje gitt meg verdsleg rikdom. Løna mi er at barna mine tener Gud. Då vil eg møta alle igjen i himmelen. ■

Av tryggingssgrunnar brukar vi ikkje det fulle namnet til eller foto andletet til Kuen eller det rette namnet til pastor Steve.



Det er mykje skam knytt til det å bu åleine som kvinne, og endå meir skamfullt å vera åleinemor. Men ho og dottera har fått ein ny familie, Guds familie. Illustrasjonsfoto frå Sentral-Asia: Johannes Morken

Utstøytt, men trygg i trua

Då ho blei kristen, kasta mannen kona si ut. Men åleinemora gjev ikkje opp.

TEKST: KRISTIN SAMDAL, SENTRAL-ASIA

■ **Det ligg ein restaurant** i ein storby i eit land i Sentral-Asia. I 2. etasje ligg eit fasjonabelt festlokale. Vakre søyler lyfter blikket mot nydelege takornament. Veggmåleri rundt heile salen viser historia til eigarfamilien. På eit av måleria sit ei dame med ryggen til. Ansiktet på biletet er skjult, men det er nettopp denne dama som står føre meg. Dette er hennar historie.

” Bøneemnet ho deler med meg, går no ut til dykk: At familie og vener skal sjå Jesus gjennom henne.

«Eg vaks opp i ein muslimsk familie, slik dei aller, aller fleste i landet mitt gjer. Bestemora mi kom frå landsbygda til byen, og livnærte seg med å laga og selja mat. Ho var fantastisk god til å laga mat, og utvida etter kvart til fleire små kafear, som i sin tur vart til store og velrenommerte restaurantar. Etter kvart overtok sønene hennar, og som barnebarn var eg sjølv medarving til fleire restaurantar.»

Ikkje rekna med

Ho peikar ut store bilete av bestemor, foreldre og sysken, før ho viser oss eit måleri der to damer sit utanfor eit lite hus, begge med ryggen til.

«Det er systera mi og eg. Me er blitt kristne. Difor er me måla slik. Me er ikkje rekna som ein del av familien no. Tidlegare fekk eg ikkje lov til å koma hit, og helst ikkje møta familien min. Eg har ingen del i restaurantane. Eg arvar ikkje noko av dette».

Der eg står, i festsalen, i luksuriøse omgivingar, går det opp for meg kor urettvist det må kjennast, men ho verkar meir trist enn sint. Ho fortel mildt, og utan å verka bitter, men ho skjuler heller ikkje at ho har ei sorg. Og det er ikkje berre menneskeleg at det er vondt å bli halden utanfor familien, også økonomisk er ho milevis frå sin eigen familie no.

«Då eg blei ein kristen ville heller ikkje mannen min ha noko med meg å gjera, eg måtte flytta ut med dottera vår. Eg har jobb, men det er ikkje lett. Ei dame tener mindre enn ein mann, og det er vanskelegare å få jobb. Me greier oss så vidt. Eg får av og til litt

hjelp av bror min no, sjølv om han framleis kritiserer meg og meiner det er ærelaust, det eg har gjort mot familien.»

Skamfullt å vera åleinemor

Å leva åleine som kvinne i dette samfunnet er forbunde med skam, og ein blir rekna som mindre sømeleg enn ei dame som bur med mannen sin eller familien sin. Endå meir skamfullt er det å bu åleine med barn, slik ho no gjer.

«Etter kvart har eg heldigvis fått møta familien min litt, for eksempel kan eg no koma inn her i restauranten, og visa dykk rundt. Det er eg glad for». Forsiktig legg ho til at det også er litt vondt å sjå måleria, å sjå store portrett av ferne slektningar, mens ho sjølv så vidt viser, mest berre ein rygg, distansert, redusert til ein ubetydeleg statist.

I Guds familie

Men der ho står føre meg, i levande live, er ho ingen statist, trass i eit mildt og venleg ytre. Aldri snakkar ho som om det skulle vore aktuelt å gi slepp på Jesus. Ho er sikker i sak, ho høyrer til hjå han, også når det betyr at ho gir frå seg den jordiske arven sin, god økonomi, høg status og tryggleik, samhald og glede med familien. Ho har ein ny familie, Guds familie.

Me går frå restauranten og ut i gata. Ho går utan å nøla, som eit bilde på at det er familien der inne som må koma til ho. Og bøneemnet ho deler med meg går no ut til dykk som les dette: At familie og vener skal sjå Jesus gjennom henne, sjå at han er verd meir enn alt det andre, at dei skal sjå til ho, og koma til Jesus. Ta gjerne desse, og henne, med i bøn. ■

Av tryggingssgrunnar fortel vi ikkje kva kvinna heiter eller kvar ho bur.

Millioner av kristne i Kina lever under økende undertrykkelse og forfølgelse. De holder ut i troen. De leser Bibelen i filler.
Foto: Venner av Stefanusalliansen

Bønn om ikke å glemme

” De er lysende vitner om at Gud ble menneske – ikke for å frelse oss ut av verden, men for å gå sammen med oss i den.

■ **Jeg vet at** det finnes en kirke som blør. Jeg vet at det alltid har vært slik, og jeg kan en hel del om denne kirkens historie, helt fra blodet til Stefanus trengte ned i Jerusalems jord. Det er skrevet mange bøker om denne lange og blodrøde historien, og jeg har lest mange av dem. Biografier om dem som har vitnet om troen på Jesus Kristus med hud og hår, med bein og blod, fylte ungdomstidens bokhyller.

Jeg leste om Sadhu Sundar Singh, den indiske sikhen som ble en kristen evangelist og forsvant sporløst for hundre år siden. Om Richard Wurmbrand, den fengslede og torturerte presten som ble et fyrlys i det kommunistiske Romania og inspirerte mange også i Norge. Om den tyske teologen Dietrich Bonhoeffer, som uredde gikk imot nazistene og ble henrettet.

Senere har jeg fått reise til kirker som lever i trange kår. Truede, diskriminerte, undertrykte, kjempende kirker og mennesker i Vietnam, Irak, Tyrkia, Egypt, Thailand, Indonesia. Jeg har blitt kjent med mange som det kunne blitt skrevet like spennende bøker om, som dem jeg leste om på sengekanten i tenårene.

Men likevel blir det fort fjernt. Samtidig med at jeg lever mitt eget trygge liv, er det lett å glemme at det finnes en lidende kirke fremdeles, i nåtid, mens jeg skriver dette. De er ikke først og fremst historier og litteratur og forbilder. De er tro og håp og ekte mennesker og ekte kirke. De er lysende vitner om at Gud ble menneske – ikke for å frelse oss ut av verden, men for å gå sammen med oss i den. Akkurat nå. Om jeg rett som det er glemmer at det finnes en lidende kirke, har jeg skrevet en note to self – og kanskje også en bønn om at Gud ikke må glemme. Akkurat nå i verden. ■



Jostein Ørum er
prest og forfatter.
Foto: Stefanusalliansen

Akkurat nå i verden

Akkurat nå i verden
stiger en lovsang opp
til ham som er Gud på jorden
som frelser, som sår, som kropp.
Hvem skal de ellers gå til
uten å bli forlatt?
Gud, gi dem håp for dagen,
bær dem i mørke natt!

Akkurat nå i verden
ber noen: Å, Herre, kom!
De ber fra et sted på jorden
hvor kirken er låst og tom.
Likevel lever troen
gjemt bak en lukket dør.
Bøy deg, Gud, ned mot bønner.
Pust liv i de kalde glør!

Akkurat nå i verden
ber noen en bønn om fred,
fred for sin krok på jorden
hvor håpet er trampet ned.
Korset er tungt å bære,
rekk dem en nådehand.
Åpne en vei i mørket,
led hjem ved din gode ånd!

Akkurat nå i verden
stjeles en tro, en drøm.
Volden herjer på jorden
og tørker ut håpets strøm.
Leg det som gikk i stykker
i drøm og i tro og kropp.
Hvisk til de knuste hjerter:
«Grip hånden min, reis deg opp!»

Kristin Minde har satt melodi til teksten
gjennom prosjektet «Salmer fra den
forfulgte kirke». Les mer på side 22.

*I dei mørkaste stundene møtte
både eg og onkelen min eit lys
som verda ikkje kunne slukke,
seier Yasser Eric.*

Familien reknar han som død

Då Yasser Eric vart kristen, heldt familien gravferd for å erklæra han død. Ved si eiga, symbolske grav hørde den «døde» ei røyst. Jesu røyst.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, GIESSEN, TYSKLAND

■ **Yasser Eric vaks opp** i ein mektig og ekstrem muslimsk familie i Sudan. Så møtte han Jesus då to kristne frå Egypt bad for ein gut som mirakuløst vart frisk. Yasser Erics far erklærte sonen død. 35 år seinare er den utstøytte Yasser Eric anglikansk biskop for konvertittar frå muslimsk bakgrunn.

– Åra etter at eg byrja tru på Kristus, har vore fylte med smerte, tap og frykt—men også med ei djup og urokkeleg oppleving av Guds nærvær. Jesus har synt seg gong på gong som mitt lys, mitt vern og min styrke, seier Eric til Magasinet Stefanus.

Namnet Yasser Eric tok han då han vart utstøytt og fekk forbod mot å bruka det muslimske familienamnet.

Radikal og mektig

Yasser Eric vart i 1972 fødd inn i ein radikal og mektig muslimsk familie i Sudan. Bestefaren, Hassan al-Turabi, var med på å grunnleggja Det muslimske brorskapet og stod sentralt då sharia vart innført i Sudan.

” Eg ville helst be om at det måtte koma ein eld frå himmelen over dei to. Så kom dei med kjærleik.

Faren sende sonen på koranskule. Han tok også 12-åringen med til eit fengsel i Khartoum fredag 18. januar 1985. Då blei tenkjaren Mahmoud Mohamed Taha (72) hengt. Taha hadde protestert mot innføringa av dødsstraff for fråfall frå islam og vart sjølv dømt til døden.

No måtte 12-åringen sjå den fråfalne bli hengt.

– Far sa til meg at dette vil skje alle som sviktar islam, fortel Yasser Eric.

Han vaks opp med hat mot både kristne og jødar. «Kristen» var eit svært negativt ord, knytt til Vesten og kolonialismen, forklarar han.

Hatet kom tydeleg til uttrykk då Yasser Eric som 15-åring fekk ein kristen gut frå Sør-Sudan i klassen.

– Eg sa til venene mine at vi måtte drepa kristne Zekarjah, som ikkje hadde sjanse til å forsvara seg då vi angreip han. Han svedde mellom liv og død då vi slutta å slå. Eg gjekk frå overfallet som ein stolt muslim, seier Eric.

” Far og bestefar erklærte meg død. Dei laga ei kiste og heldt ei symbolsk gravferd for meg.

Onkel vart fengsla

Ein av onklane hans, også han ein svært konservativ muslim, blei kristen i 1989. Han vart fengsla, mista jobben, vart utstøytt og truga på livet. Kona hans skilde seg frå han, og borna vart tekne frå han.

– Eg kjem aldri til å gløyma rettssaka, fortel Yasser Eric i dag.

– Då dommaren sa til onkelen min at dersom han døydde som kristen, ville han hamna i helvete, svarte onkelen min: «Eg er ikkje redd for helvete, og eg vil ikkje til paradiset slik du skildrar det. Eg vil dit Jesus er. Det er der eg høyrer heime.»

– Å høyra ein onkel snakka med slikt mot, rørte meg djupt. Eg tenkte at anten har han funne sanninga, eller så har han mista forstanden. Men inst inne visste eg nok at trua i det fryktlausa vitnemålet var ekte.

Yasser Eric seier at det som hende med onkelen, vart viktig for hans eiga åndelege reise. Ein dag i 1990 sat Yasser Eric ved ei seng på eit sjukehus fordi ein ung fetter var så sjuk at legane trudde han kom til å dø. To koptiske kristne misjonærar kom for å be for guten.

– Eg trekte handa vekk då eg såg tatoverte kors på handledda deira. Eg ville ikkje ha dei der. Men eg ville heller ikkje fornærma dei framande, eg sa at dei kunne be og deretter gå. →

Frå Midtausten kjem fleire og fleire historier om menneske som går frå islamsk bakgrunn til kristen tru.



Eg er djupt takksam for at Herren bar meg.



Men det gjorde sterkt inntrykk på Yasser Eric å høyra dei be.

– Dei bad til Gud slik eg snakkar til deg no. Dei bad dessutan som om det var deira eige barn. Eg ville helst be om at det måtte koma ein eld frå himmelen over dei to. Så kom dei med kjærleik.

I det dei sa amen, opna guten augo for første gong på fire veker.

– Eg tenkte at dersom desse trur på Gud, måtte eg finna ut kven eg trudde på.

Gud er kjærleik

Yasser Eric samtalte med dei to mennene til tidleg morgon. Han fekk høyra at det største mirakelet ikkje var at guten blei frisk, men at Gud kan endra hjarta til menneske, fordi Gud er kjærleik.

– Det var første gongen eg hørde Gud og kjærleik i same setning. Då vi hørde bøneropet med morgongry, spurte dei om eg trudde på Jesus. Eg svarta ja og bad: «Dersom du er verkeleg, ber eg deg koma inn i livet mitt.»

Men då Yasser Eric fortalde familien at han var blitt kristen, vart han avvist.

– All kontakt vart broten. Far og bestefar erklærte meg død. Dei laga ei kiste og heldt ei symbolsk gravferd for meg.

Han vart dessutan avhøyrte av politiet og sat i fengsel fleire gonger i 1994 og 1995.

– Særleg skremmande var det då eg vart halden i ei underjordisk celle i sju veker, utan lys og avskoren frå all kontakt med andre. Mørket sette meg på harde

prøvar. Men midt i lidinga opplevde eg at bibelorda vart levande: «Herren er mitt lys og mi borg.» Eg kjende Jesu nærvær. Han gav trøyst, fred og styrke då eg var fråteken alt anna.

Jesu røyst på grava

Etter at Eric vart sleppt fri, forstod han at ikkje berre han var i stor fare. Også alle han hadde kontakt med levde i stor fare, særleg dei som hadde konvertert.

– Vi vart overvaka. Då tok eg den smertelege avgjerda om å reisa frå landet, slik onkelen min hadde gjort tilbake i 1990. Men før eg sette meg på flyet, reiste eg ein siste tur til landsbyen min. Familien kunne eg ikkje oppsøkje. Men i mørket gjekk eg til «grava» mi. Ingen var der, likevel kjende eg ei hand på skuldra, og eg hørde ei røyst: «Grava di er tom. Det er grava mi også.» Eg tenkte at dette måtte vera Jesu røyst.

Yasser Eric studerte teologi i Kenya og i Tyskland og vart luthersk prest. Etter at han for 20 år sidan hadde undervist ein stad i Egypt, kom ein sør-sudansk pastor fram. Pastoren felte tårer over møtet.

– Det var Zekarjah, guten vi hadde prøvt å drepa. Eg såg arra på kroppen hans. Det var ei frykteleg stund. Eg følte skuld og skam og klarte ikkje ein gong å be han om tilgjeving. Zekarjah fortalde at sidan eg hadde hata han, hadde han i alle desse år bede for meg. Eg innsåg at for å elska nokon som hatar, treng vi Jesus, seier Eric og avsluttar:

– I dei mørkaste stundene møtte både eg og onkelen min eit lys som verda ikkje kunne slukke. Eg er djupt takksam for at Herren bar meg – og for at han gav meg håpet berre trua på Kristus kan gi. ■



Som biskop hjelper Yasser Eric konvertittar til å prøva å unngå valdeleg forfølgning.

■ Yasser Eric

- 10. mars 2024: vigsla til biskop i den anglikanske i katedralen i Kigali i Rwanda.
- Biskop i den globale anglikanske kyrkja for konvertittar med muslimsk bakgrunn.
- Ansvar for konvertittar i 80 land frå Vest-Afrika til Midtausten, frå Sentral-Asia til Indonesia.
- Base i Korntal i Tyskland.

Åtvarar mot å glorifisera martyriet

■ **På reiser i Afrika** og Midtausten møter biskop Yasser Eric mange kristne som vert forfølgde. Men han avviser at alle konvertittar som blir forfølgde, blir det på grunn av trua på Jesus.

– Konvertittar som legg ut om kor ille islam er, vert forfølgde av den grunn. Dersom ein muslim spør om du trur på Muhammed og du svarar nei, vil du bli forfølgd fordi du fornærmar Muhammed, ikkje fordi du trur på Kristus. Eg snakka også sjølv i starten svært negativt om Muhammed, islam og muslimar. Men eg kom til at dersom vi fornærmar islam, blir vi ikkje forfølgde for Kristus.

Yasser Eric forklarar at han prøver å hjelpe konvertittar til å redusera risikoen for forfølgning.

– Jesus har sagt at forfølginga vil koma. Men vi skal ikkje eskalera den.

Han meiner dette skil det kristne martyriet frå martyriet i islam:

– Som kristne blir vi ikkje frelste av noko vi gjer, vi blir frelste berre i Jesu blod. Jesus endra livet mitt. Difor skal vi ikkje glorifisera martyriet. Eg er viljug til å gå i fengsel for Kristus, men ikkje for å ha sagt noko fornærmande om Muhammed.



Jesus har sagt at forfølginga vil koma. Men vi skal ikkje eskalera den.

– Barna mine veit at kvar tur eg gjer i Midtausten, kan vera den siste. Eg let vera å reisa når risikoen er for stor. Kvar gong eg kjem heim, omfamnar eg barna mine. Eg er viljug til å risikera livet for Kristus, men berre dersom det ikkje er nokon annan veg, seier Yasser Eric. ■



Maha Khalaf (nummer 2 fra høyre) fikk sitt aller første besøk i en kirke da hun, andre muslimer og kristne besøkte den gresk-katolske St. Elias-katedralen i Beirut gjennom et Adyan-kurs. Fader Agabios Kfoury (med briller) er prest i kirken og kursleder i Adyan. Foto: Adyan Foundation

Fikk nytt syn på verden

Da Maha Khalaf gikk på kurs om å leve sammen med ulik tro, fikk hun en sterk visjon for sitt eget krigs- og kriserammede hjemland Libanon.

INTERVJU: KRISTINE TVEIT JORDET, BEIRUT, LIBANON

■ **Maha Khalafs første** møte med organisasjonen Adyan i Libanon resulterte i at hun fikk et helt annet perspektiv på forholdet mellom mennesker med ulike religioner. Dette skulle få dyptgripende konsekvenser for hennes forhold til sin egen tro, for forholdet til andre mennesker og for hennes egen karrierevei. I dag er 33-åringen prosjektkoordinator i Adyan Foundation.

Muslimsk familie

Maha vokste opp i en moderat muslimsk familie i Libanons hovedstad Beirut. Selv om familien aldri snakket nedsettende om andre religioner, fikk Maha tidlig høre at hun ville komme best overens med dem som lignet henne.

På skolen var de fleste muslimer, som henne. Det var også storfamilien og naboene. På universitetet møtte Maha for første gang en kristen. Hennes umiddelbare tanke var da at det ikke var noen vits i å bli kjent med henne, de var jo så forskjellige.

Men så begynte spørsmålene å melde seg for Maha: «Hvordan kan jeg vite at troen min er den riktige, når det finnes så mange andre religioner?» Først opplevde Maha motstand fra familien, men da de skjønnte at hun ikke ga seg, lot de henne utforske spørsmålene videre. Maha meldte seg på kurs i regi av Adyan, som samlet deltagere fra ulike religioner.

På kurset hadde de ukentlige samlinger over ni måneder. Deltagerne utforsket egne fordommer, de lærte om hverandres religioner og ble kjent.

Møtte katolsk prest

Etter hver kurskveld fortalte en ivrig Maha familien om det hun hadde lært. «I dag fikk vi høre fra en katolsk prest. Mamma, han var en fantastisk person, så positiv og sprudlende!» Mora var skeptisk, og ville først ikke høre. Hun var redd datteren skulle bli hjernevasket og ta til seg verdier familien ikke delte.

Men Maha klarte ikke tie stille – kurset revolusjonerte hele måten hun så verden på. Litt etter litt begynte familien å lytte. Kanskje så de hvor godt det gjorde Maha. Og i tråd med at hun lærte mer om andre religioner, ble hun også tryggere i egen tro.

– Plutselig kjente jeg på friheten i å se på andre mennesker, ikke som trusler, men med en åpen og vennlig holdning. Det gir frihet å leve slik, forteller Maha til Magasinet Stefanus.

Libanon er hjem for mange ulike religioner og folkegrupper. Både geografisk og kulturelt ligger landet i skjæringspunktet mellom Europa, Midtøsten og Afrika. Libanon har en svært urolig historie – med borgerkrig, okkupasjoner og politiske og økonomiske kriser. I 2024 eskalerte krigen mellom Hizbollah-militsen og Israel, med bombing og eksplosjoner over hele landet. Mange sivile mistet livet, og enda flere ble drevet på flukt.

«Korrupte politiske ledere»

På spørsmål om Libanons framtid, trekker Maha pusten dypt før hun svarer:

– Libanon er veldig komplisert. Korrupte politiske ledere maler et forenklet bilde hvor religiøse forskjeller blir sett på som problemet, men det er sjelden dette det egentlig handler om. Fjoråret viste oss at når kriser oppstår, finnes det solidaritet, også mellom grupper. Flesteparten av dem som ble fordrevet av krigshandlingene, var sjia-muslimer. De ble ønsket velkommen og tatt imot nesten over alt. Det virkelige problemet er ikke mellom religioner eller grupper, det er politisk. Maha Khalaf sier at Adyan er takknemlig for støtten fra Stefanusalliansen.



Korrupte politiske ledere maler et forenklet bilde hvor religiøse forskjeller blir sett på som problemet.

Maha Khalaf om krisene i Libanon



Maha Khalaf ble tryggere også i egen tro.

Foto: Adyan Foundation

Adyan Foundation

- Base i Beirut i Libanon
- Startet i 2006 av en muslim og en kristen.
- Fremmer mangfold, solidaritet, menneskeverd og fredelig sameksistens.
- Arbeider gjennom skoler, forskning, media og lokale nettverk.
- Støttet av Stefanusalliansen siden 2020.
- Oversatte til arabisk Stefanusalliansens ressurser for opplæring i trosfrihet, tilpasset Midtøsten og Nord-Afrika.

– Det er ikke lett å kjempe for mangfold og trosfrihet når vi opplever motgang fra så mange hold. Retten til trosfrihet kan være utfordrende å akseptere for mange, men det er en essensiell byggestein for et godt samfunn. Jeg har personlig erfart viktigheten av å kunne følge egen samvittighet i spørsmål som gjelder tro. I Adyan er vi overbevist om at selv små steg kan skape stor forandring, og dette er så viktig at vi ikke kan slippe det, sier Maha Khalaf. ■



I Oslo ble det båret fakler for dem som forfølges for sin tro i Nord-Korea. Begge foto: Harald Willard, Åpne Dører.

KRISTNE LIDER, VERDEN TIER

I en serie av fakkeltog for forfulgte har temaet i høst vært Nord-Korea. En av dem som har deltatt, er Timothy Cho. Flyktningen fra Nord-Korea fortalte sin historie i forrige utgave av Magasinet Stefanus.

Under fakkeltoget i Bergen sa han: «Folk spør meg om det finnes håp for Nord-Korea. Her blir jeg veldig oppmuntret. Her ser jeg grunnen til at jeg må fortsette å heve stemmen for folket mitt. Jeg kjenner på stor takknemlighet for det norske folk, og jeg håper at regjeringen fortsetter å være forsvarere for det nordkoreanske folket. Takk for at dere står sammen med oss og ber for våre forfulgte brødre og søstre.»

Cho takket på vegne av de kristne som lever isolert i Nord-Korea og som ikke vet at hundrevis av mennesker i Norge går i fakkeltog og ber for dem.

«Men de vil få høre om det via mine kontakter. Det vil gi dem håp når de vet at folk på utsiden ber for dem,» fortalte Timothy Cho.

De årlige fakkeltogene skjer i samarbeid mellom lokale komiteer, Åpne Dører og Stefanusalliansen.



KrF-leder Dag Inge Ulstein holdt appell foran Stortinget.

Sterkt møte på Framnes

Ein fredag ettermiddag i slutten av oktober møtte eg ein smilande mann på Gardermoen. Han sjekka mobilen sin og kunne sjå respon- sen etter at den britiske kringkastaren BBC nettopp publiserte livshistoria hans.

Eg hadde rett før fått vite kven vi skulle reise saman med til Framnes Kristne Vidaregåande Skule i Norheimsund i Vestland fylke: Timothy Cho, som flykta frå Nord-Korea. Eg lærte mykje på å bruke ei helg med han. Han delte historia si, og fortalte om Jesus som hadde svart på bønner og gitt han fridom. No er han oppteken av andre sin fridom til å tenke, tru og ytre det dei vil.

I løpet av helga delte Timothy Cho med tårer i augo både tidleg og seint. Eg blei imponert over hans evne og vilje til å fortelje om tortur, livet i fengsel og ei dramatisk flukt.

Eg spurte han om han ikkje blir lei av å fortelje historia si. Han svarte ja, han sa at det kostar å skulle hugse og snakke om trauma, smertene og sorga. Likevel sa han tydeleg: «I have to speak», han må fortelje. Den tydelege budskapet både på Framnes og i gudstenesta i Øystese kyrkje var: «Å teie i møte med vondskap er i seg sjølv vondskap, og å ikkje tala er også å tala.»

Etter helga tenkjer eg: Vi må løfte opp dei som blir forfølgde, og vi må fortelje om Jesus. Og, som Timothy Cho var tydeleg på: Vi må vere prega av kjærleik, og ikkje av hat, same kva vi har opplevd.

Tekst: Sondre Knardal, frivillig i Stefanusalliansen



Timothy Cho, som flykta frå Nord-Korea, gjorde sterkt inntrykk på Sondre Knardal. Her er dei på Framnes.

Foto: Privat

To nye i innsamlingsteamet

Ranveig Nordgaard (45) er ansatt som seniorrådgiver i fundraising (innsamling). Hun er ansatt etter at Anne M. Gihlmoen sluttet før sommeren. De siste fem årene har Nordgaard jobbet som fotograf og tekstforfatter i tannlegekjeden Oris Dental.

– Som en del av innsamlingsteamet blir jobben å videreformidle viktigheten av arbeidet vi gjør, for å samle inn midler slik at våre prosjekter kan videreføres og fortsette å forandre og redde liv. Vi skal rett og slett gjøre det enkelt for folk å bli med på å bidra til at verden blir et litt bedre sted.

– *Hvorfor ville du arbeide i Stefanusalliansen?*

– Å få være med å jobbe for alles rett til grunnleggende menneskerettigheter oppleves som viktig og utrolig meningsfullt. Og etter noen uker her kan jeg også legge til at de faglig dyktige og hyggelige kollegaene gjør arbeidsdagene her veldig gode.



Ranveig Nordgaard er ny i innsamlingsteamet i Stefanusalliansen.
Foto: Stefanusalliansen

Kjersti McElvee (32) er tilsett i ei mellombels stilling som rådgjevar i fundraising. Ho kom frå stilling som journalist i Kristelig Pressekontor. McElvee har også arbeidd som fundraisar for ein katolsk nærradiostasjon i Nordvest-Alaska.

– I Stefanusalliansen er eg ein del innsamlingsteamet. Eg skal vera eit bindeledd mellom dei som gjev, og dei som får hjelp. Eg skal også bidra i nysatsinga som Stefanusalliansen gjer for å skaffa gjevarar blant støtte- spelarar i USA.

– *Kvifor vil du jobba her i Stefanusalliansen?*

– Frå eg var ung var biografiar om kristne som leid i Sovjetunionen, sengelektyre. Som vaksen har eg studert og arbeidd blant MAGA-delen av USA. No i 2025 ser eg at slike historier om forfølgning blir brukte til å skapa ei ny forteljing om at kristne bør «ta igjen», i kamp mot andre grupper. Hos Stefanusalliansen arbeider eg blant likesinna, vi arbeider saman i Guds misjon, for ei verd der det er trygt å tru.



Kjersti McElvee er ny mellombels tilsett rådgjevar i Stefanusalliansen
Foto: Ranveig Nordgaard

Salmer for de forfulgte

Prest og forfatter Jostein Ørum har skrevet salmetekstene. Kristin Minde har komponert melodier og arrangementer. Gjennom to konserter er «Salmer for de forfulgte» i første omgang løftet ut til publikum i Åssiden kirke i Drammen og Vestre Aker kirke i Oslo. Kristin Minde, som også bidro som solist, hadde med seg Drammen International Gospel Choir og prosjektkoret Vespero fra Vestre Aker. Unge musikanter fra Barratt Due musikk-institutt bidro, det samme gjorde et band med Trond Akerø Kleven, Andreas Røddland Haga og Øyvind Kleve. Daniel Hop-Hansen fremførte fortellinger fra forfulgte.

De innpå 40 i Drammen og de drøyt 120 som kom til Vestre Aker menighet, fikk uforglemmelige opplevelser. «Salmer for de forfulgte» bør absolutt nå ut til flere.



Kristin Minde har skrevet melodier og laget arrangementer. Hun leder kor og musikere og er solist. Begge foto: Johannes Morken



De som kom på konsertene, fikk både synge selv og tenne lys for de forfulgte.

Gudstjeneste i friluft i Farsund

Farsund menighet arrangerte friluftsgudstjeneste på Varbak i midten av juni. Trygve Wikstøl, frivillig fra Stefanusalliansen, sang og fortalte om misjonsprosjektet vårt, «Stefanusbarna i Kairo». Etter gudstjenesten var det grilling og misjonsløp. Totalt ble det samlet inn nesten 34.000 kroner gjennom aksjonen i mai og juni. Tusen takk til alle som bidro.

Tekst: Henning Huseby Jansen, sokneprest



Henning Huseby Jansen, her i en tidligere konfirmantaksjon for «Stefanusbarna i Kairo». Foto: Farsund menighet

Marked for Egypt

De siste årene har vi i Skjold menighet arrangert «Egyptmarked» i forbindelse med «Søndag for de forfulgte» for å samle inn penger til Stefanusalliansen sitt arbeid i Egypt. På både gudstjenesten og søndagsskolen snakker vi om Stefanusbarna og Anafora. Etter gudstjenesten har menighetsrådet, speiderne, korene og andre enheter i menigheten ansvar for en post hver. Kirken er fylt opp med fiskedam, loddssalg, pizzabaking, ansiktsmaling, gjettekonkurranse, kafé og korstatoveringer på håndleddene til både store og små, inspirert av kristne i Egypt. Vi gleder oss over å kunne støtte det viktige arbeidet.

Tekst: Marte Håberg Ottesen og Janne Torvestad



På markedet i Skjold kirke kom det inn nesten 20 000 kroner. Foto: Marte Håberg Ottesen

Fra åtte nasjoner og tungemål

Søndag 19. oktober markerte Kristkyrkja på Stord «Søndag for de forfulgte». Menigheten bestod av folk fra åtte ulike nasjoner. Foruten fra Norge var det folk fra Tyrkia, Russland, Iran, Eritrea, Etiopia, Malaysia og Kongo. Pastor Jens Thoresen hadde fått oversatt min tale til alles morsmål. Dermed kunne alle forstå hva jeg formidlet. Thoresen har god kontakt med asylmottaket, og mange fra menigheten kommer derfra.

Tekst: Eli Minde, Stord



Kjell Bjørn Minde, Jens Thoresen og Eli Minde er ivrige støttespillere for Stefanusalliansen. Foto: Privat

Følg oss på nettet

Du kan lese nyheter om forfølgelse og håp på våre nettsider og følge oss på Facebook

www.stefanus.no
facebook.com/stefanusalliansen/

De som er forfulgt for sin tro, trenger at vi ser!



Få siste nytt fra kampen for trosfrihet i verden, det viktigste fra nyhetsbildet og Stefanusalliansens partnere rett i din e-postkasse. Meld deg på ved å skanne QR-koden, eller gå inn på: kampanje.stefanus.no/brev-for-trosfrihet/
Du vil motta nyhetsbrevet ca. hver 14. dag. Abonnementet er GRATIS, og du kan når som helst melde deg av.

TAKK FOR AT DU BRYR DEG OM DE FORFULGTE!

Forfulgt, men fri fra fedredyrkelsens grep



Ustoppelige pastor Steve skaper fellesskap der folk kan finne styrke til å møte forfølgelsen. Over 1400 menigheter i Vietnam, Laos og Kambodsja er plantet og blir fulgt opp.

Politiet mislikte at Mr. Lo brøt med fedredyrkelsen som alltid hadde samlet landsbyen. Han ble avhørt og satt til tvangsarbeid på politistasjonen. Han ble også bedt om å skrive under på at han tok avstand fra troen på Jesus. Les det sterke vitnesbyrdet på s.4-5

«Når mennesker kommer til tro på Gud, merker de Guds kraft. De blir ikke bare satt fri fra drikking og gambling, men blir også satt fri fra plikten til å ofre dyr som sjamanen krever.»

– Pastor Steve i Vietnam

«Folk har i alle år ofret kyr og husdyr og gjort som sjamanen i landsbyen har sagt. Til slutt kan familier miste alt de eier i slike offer. Det er et bedrag», sier pastor Steve*, Stefanusalliansens partner i Vietnam.

De som kommer til tro på Jesus, skiller seg ut og får ofte skylden når noe går galt i landsbyen. Mange opplever å få avlinger og eiendom ødelagt av naboer. De blir utstøtt av landsbyen og familien sin og lokalmyndighetene kutter økonomisk støtte til mennesker som tror på Jesus.

Pastor Steves hjerte blør for disse familiene. Og med din og min hjelp, sørger han for at de får regelmessige kjærlighetsgaver, som han kaller dem, gaver som dekker behovet de har der og da. Det kan være alt fra en sykehusregning som må betales, mat eller klær til en familie eller en evangelist som ikke har råd til bensin.

Evangeliet frigjør fra skadelig overtro og fedredyrkelse. Men uten hjelp fra pastor Steve og støtten fra deg og meg, står de kristne i Vietnam ofte helt ubeskyttet og alene.

Vil du gi en kjærlighetsgave og beskytte dem som rammes av forfølgelse?



Alle gavestørrelser er velkomne!

Gaveeksempel:

Gi husrom til en utstøtt:

310,-

Gaveeksempel:

Gi en flott start for en ny troende. Gi bibelskole:

660,-

Gaveeksempel:

Gi en trygg møteplass. Bidra til nytt kirkebygg:

1100,-

Gaveeksempel:

Gi lederutannelse til en evangelist:

4500,-

v:pps

til **19013**
- merk med:
kjærlighet



*Vi kan vise bilde, men må av sikkerhetshensyn bruke et pseudonym på pastor Steve. Overskytende midler vil gå til arbeidet for de forfulgte i Sørøst-Asia Ved å gi en gave godtar du Stefanusalliansens personvernerklæring: stefanus.no/gi-gave/personvern/